

Forskrift om inntak til vidaregående opplæring og formidling til lære plass

24. mai 2024



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Bakgrunnen for høyringsnotatet og justeringar i samband med nytt lovverk	2
Fjerne oppflyttingsrett frå Vg1 til Vg2 for studieførebuande utdanningsprogram	3
Forslag til forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepass i Vestland fylkeskommune.....	5

Bakgrunnen for høyringsnotatet og justeringar i samband med nytt lovverk

Ny opplæringslov og forskrift til opplæringslov frå 1. august 2024

Ny opplæringslov er planlagt sett i verk frå 1. august 2024. Frå same tidspunkt skal òg ny forskrift til opplæringslova gjelde. Både etter nogjeldande og kommande regelverk er og vil fylkeskommunen vere pliktig til å fastsette lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepass. Forskrifta skal utfylle sentralt regelverk og tydeleggjere korleis inntaket/formidlinga blir gjort sentralt. Samtidig kan ikkje den lokale forskriften stride mot føresegn i sentralt regelverk, og det sentrale regelverket fungerer difor som ei ytre ramme for kva som bli regulert lokalt i fylkeskommunen.

På grunn av samanhengen lokal forskrift har til opplæringslova og forskriften til opplæringslova, er det enkelte punkt som må bli justert når det sentrale regelverket blir oppdatert. Dette gjeld tilvisingar til føresegn, som får ny nummerering i ny opplæringslov/forskrift, og enkelte endringar i ordlyden/omgrep.

Med ny opplæringslov kjem òg fullføringsreforma. Dagens lokale forskrift har fleire føresegn som konkretiserer når ein har «brukt» av ungdomsretten sin. Desse føresegnene vil ikkje lenger vere relevante og må takast ut, sidan ein med ny opplæringslov ikkje vil kunne «bruke opp» ungdomsretten på same måte som i dag. Med ny opplæringslov vil ein ha rett til vidaregåande opplæring som ungdom («ungdomsrett») ut det skuleåret som tar til det året ein fyller 24 år, så lenge ein ikkje har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Etter dette vil en ha rett som voksen, såkalla «voksenrett».

Endringane omtalt ovanfor har fullt ut samanheng med endringar i sentralt regelverk. Fylkeskommunen er bunden av disse endringane. Sidan fylkeskommunen er bunden av endringane er ikkje høyring i utgangspunktet nødvendig. For fylkeskommunen er det likevel nyttig å omtale at dei blir gjort, og vil elles ikkje kome nærmare inn på desse justeringane. Det er likevel opent for å gi innspel også her om høyringsinstansane ser noko i forslaget som ikkje er riktig justert. Forskrift til opplæringslova er ikkje endelig vedtatt og det blir difor tatt etterhald om at fleire justeringar kan vere nødvendig. Hovudpunktet i høyringa er mogleg fjerning av oppflyttingsretten frå Vg1 til Vg2 for studieførebuande utdanningsprogram, sjå gjennomgang under. Ny justert inntaks- og formidlingsforskrift er planlagt vedtatt i fylkestinget 1. oktober 2024, og vil truleg gjelde frå 1. januar 2025.

Fjerne oppflyttingsrett frå Vg1 til Vg2 for studieførebuande utdanningsprogram

Justering av omsyn til auka moglegheit for miljø-/fagskifte og tal ledige elevplassar

Etter inntaks- og formidlingsforskrifta § 5 har søkerar til Vg2/Vg3 studieførebuande utdanningsprogram rett til å halde fram på same skule der Vg1/Vg2 er fullført. Føresetnaden er at eleven har bestått alle nødvendige fag etter læreplanverket for inntak til neste nivå. I tillegg må eleven ha søkt som fulltidselev og söke for påfølgande skuleår. Dette er ei lokal regulering som inneber at det viktigaste inntakskriteriet til Vg2/Vg3 blir kva skule søkeren var elev ved på Vg1-nivå. Til samanlikning er karakterar det viktigaste inntakskriteriet ved inntaket til Vg1, og til yrkesfaglege utdanningsprogram.

Fylkeskommunen foreslår å endre oppflyttingsretten slik at karakterar også blir det sentrale kriteriet for inntaket til Vg2, med andre ord at oppflyttingsretten frå Vg1 til Vg2 for studieførebuande utdanningsprogram blir tatt ut av forskrifta. Ein foreslår samstundes at oppflyttingsretten frå Vg2 til Vg3 for studieførebuande utdanningsprogram består som i dag.

Større moglegheit til miljø- og fagskifte

Mange elevar vil truleg oppleve oppflyttingsretten som ein fordel sidan dei på gitte vilkår blir sikra plass i tre år, når dei først er komne inn på ein skule. Fylkeskommunen ser også at andre kan oppleve at retten reduserer moglegheita for eit miljø- og/eller fagskifte etter inntaket til Vg1, sidan søkerane i praksis tar eit val for tre år. Søkerane må ved söking til Vg1 ta omsyn til kva programfag dei ønsker på Vg2 og Vg3, for å kunne söke seg til skular som tilbyr desse programfaga. Dette kan bli ei utfordring for dei som i 10. klasse ikkje veit kva fag dei vil velje i 2. og 3. klasse på vidaregåande. Pga. oppflyttingsretten blir det i praksis vanskeleg å bytte skule på både Vg2 og Vg3, sjølv om det er opent for å söke.

Søkerar som ikkje konkurrerer seg inn til ønskt skule til Vg1 vil heller ikkje ha nytte av å jobbe seg opp i karaktersnitt, for så å kome inn på ønskt skule på Vg2 eller Vg3-nivå. Fråværet av eit karakterbasert inntak kan påverke prestasjonar og motivasjon for dei elevane det gjeld. Motsett skapar oppflyttingsretten tryggleik for dei som på Vg1 har klart å konkurrere seg inn på skulen dei ønsker. Ei elevgruppe med færre omskiftingar kan også gi betre moglegheiter for å kunne arbeide med skulemiljøet over tid. For dei som av ulike grunnar treng eit miljøskifte etter Vg1 blir det likevel vanskeleg å byte over til annan skule. Det er fordelar og ulemper med å eventuelt skulle justere oppflyttingsretten.

Tidlegare kunne skifte av skule mellom dei ulike nivåa på studiespesialiserande gi utfordringar når det gjeld fullføring av programfag og framandspråk som sikra rett fagkombinasjon. Det vart med andre ord utfordrande å tilfredsstille krava for å få godkjend vitnemål. Denne utfordringa er betydeleg redusert etter etablering av Nettskulen i Vestland. Nettskulen har ei god bredde i fagtilbodet, som elevar ved alle skular kan nytte. I tur opnar dette for ei justering av retten til å halde fram ved same skule mellom Vg1 og Vg2. Mellom Vg2 og Vg3 vil det framleis vere enkelte utfordrande med frislepp, pga. ulike tilbod på skulane. Forslaget er difor per no avgrensa til å gjelde endring av oppflyttingsretten mellom Vg1 og Vg2.

Betre utnytting av elevplassar og meir handlingsrom

Etter inntak på både Vg1, Vg2 (og Vg3) vil det vere elevar som takkar nei til skuleplass, sluttar, har permisjon eller reiser på utveksling. Bortfall av elevar pga. utveksling gjeld særleg på Vg2. Dette fører til mange ledige elevplassar. Oppflyttingsretten gir mindre rom til å gjøre nødvendige justeringar i tilbodet sidan fylkeskommunen er låst til at elevane må sikrast å få fortsette på same skule vidare i løpet. Dette skapar ei ordning som gir lite handlingsrom til å justere tal klassar på studieførebuande

opplæringstilbod mellom skulane. Tal for dei to siste skuleåra syner tal klassar som kunne vore redusert dersom retten til oppflytting ikkje var til stades. Merk at det i statistikken under er inkludert tal for Vg3-nivået, som det ikkje er foreslått å gjere justeringar i oppflyttingsretten for.

Nivå	Utdanningsprogram	Region	Ledige plassar 2022	Mogleg klasse-reduksjon 2022	Ledige plassar 2023	Mogleg klasse-reduksjon 2023
3	Idrettsfag	Hardanger og Voss			30	1
1	Studiespesialisering	Hardanger og Voss	39	1		
2	Studiespesialisering	Hardanger og Voss	34	1	53	1
3	Studiespesialisering	Hardanger og Voss	58	1	37	1
2	Studiespesialisering	Indre Sogn	32	1		
3	Studiespesialisering	Indre Sogn			34	1
1	Studiespesialisering	Nordfjord	37	1		
2	Studiespesialisering	Nordfjord	43	1	52	1
3	Studiespesialisering	Nordfjord			49	1
2	Studiespesialisering	Nordhordland			32	1
1	Kunst, design og arkitektur	Stor-Bergen			35	1
3	Kunst, design og arkitektur	Stor-Bergen			32	1
1	Studiespesialisering	Stor-Bergen	156	5	94	3
2	Studiespesialisering	Stor-Bergen	197	6	168	5
3	Studiespesialisering	Stor-Bergen	92	3	139	4
2	Studiespesialisering	Sunnhordland	41	1	30	1
3	Studiespesialisering	Sunnhordland	47	1		
Mogleg reduksjon utan rett til oppflytting frå Vg1				22		22

Ei justering av oppflyttingsretten vil bringe inntaket til studieførebuande Vg2 på linje med det yrkesfaglege inntaket og bli meir likeverdig. Det har ikkje vore mogleg å tilby same oppflyttingsrett for elevar som går yrkesfaglege løp og dette inntaket har vore/er karakterbasert. Ei justering vil føre til at det same inntakskriteriet vil bli lagt til grunn for Vg2-inntaket for yrkesfaglege- og studieførebuande løp.

Det ligg ikkje i forslaget å justere oppflyttingsretten for dei treårige yrkesfaglege løpa helse- og oppvekstfag og elektrofag, som gir elevane både yrkeskompetanse og studiekompetanse/spesiell studiekompetanse. Oppflyttingsretten for desse løpa er regulert av §§ 6 og 7 og er ikkje foreslått endra. For desse elevane er det særskilt viktig at dei har moglegheit til å fullføre løpa dei er begynt på.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor blir det vurdert å gjere endringar i oppflyttingsretten frå Vg1 til Vg2 studieførebuande utdanningsprogram, § 5 pkt. 1. Den moglege endringa blir sendt på høyring slik at fylkeskommunen kan få saka så godt opplyst som mogleg før det blir ei endeleg vurdering.

Forslag til forskrift om inntak til vidaregående opplæring og formidling til lære plass i Vestland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fylkestinget [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 5-1, forskrift [dato/nummer] til opplæringslova § 4-5 og § 7-2.

Kapittel 1. Innleiande føresegn

§ 1. Formål og verkeområde

Denne forskrifta gjeld inntak til alle offentlege vidaregåande skular og formidling av lærlingar, praksis brevkandidatar og lærekandidatar i Vestland fylkeskommune. Forskrifta gir utfyllande reglar og kjem i tillegg til forskrift til opplæringslova kapittel 4, 7 og 14.

Kapittel 2. Inntak

§ 2. Inntak etter inntaksområde

(1) I Vestland fylkeskommune er inntaket geografisk styrt etter inntaksområde. Dette inneber at ein søker får inntaksområ depoeng til sitt inntaksområde ut ifrå folkeregistrert adresse.

(2) Inntaksområ depoeng blir som hovudregel fordelt etter folkeregistrert adresse. Fylkeskommunen gir utfyllande reglar om kva skular og kommunar som inngår i kva inntaksområde.

(3) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om kva tilbod som ikkje inngår i inntaksområda.

(4) For søkerar til programområde som fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkeskommunen kjøpe skuleplassar i andre fylke. Dette gjeld berre søkerar med ungdomsrett. Søkaren må ha det aktuelle programområdet som sitt førsteønske.

(5) Søkarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke blir behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.

§ 3. Inntak til Vg1

(1) Søkarar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.

(2) Inntaket blir gjennomført med grunnlag i karakterane frå grunnskulen (karakterpoeng) og eventuelle inntaksområ depoeng.

(3) Dersom ein søker eit utdanningsprogram/programområde som det ikkje er tilbod om i sitt inntaksområde får søkeren inntaksområ depoeng til alle skulane i fylket.

(4) Dersom det er ledige plassar etter at søkerar med inntaksområ depoeng har fått plass, konkurrerer søkerar utan inntaksområ depoeng etter karakterpoeng.

(5) Dersom søkeren ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon av ønska sine, vil søkeren få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei ønska utdanningsprogramma.

(6) Søkarar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram kan bli plassert på andre utdanningsprogram.

(7) Søkarar til eit fullstendig utdanningsprogram (fulltidselever) skal takast inn før andre søkerar (deltidselever).

§ 4. Inntak til Vg2 og Vg3

(1) Søkarar kan prioritere programområde på Vg2 og Vg3 som søkeren er kvalifisert til. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular.

(2) Inntaket blir gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegivande kurs. Ved innsøking til Vg2 blir karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 blir karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

(3) Søkarar som ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil bli vurdert til andre programområde som søkeren er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

§ 5. Oppflytting til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram

Søkarar til Vg3 studieførebuande utdanningsprogram har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkeren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 6. Oppflytting til Vg2 og Vg3 - treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse

(1) Søkarar til Vg2 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkeren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig helse- og oppvekstfag med studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkeren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 7. Oppflytting til Vg2 og Vg3 – treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse

(1) Søkarar til Vg2 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført, dersom søkeren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg1 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

(2) Søkarar til Vg3 treårig elektrofag med spesiell studiekompetanse har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført, dersom søkeren har bestått i alle faga som er fastsette i læreplanverket på Vg2 og har søkt som fulltidselev. Føresetnaden er at det blir søkt om inntak påfølgande år.

§ 8. Inntak til Vg1 musikk, dans og drama

(1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av ei ferdigheitsprøve (inntaksprøve), i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggsSpoeng blir fastsett av fylkeskommunen. Søkaren får 3 tilleggsSpoeng om søkeren viser dugleik utover gjennomsnittet. Søkaren får 6 tilleggsSpoeng om søkeren viser dugleik som vidarekommen og har eit stort potensiale. Søkaren får 9 tilleggsSpoeng om søkeren viser framifrå dugleik og har eit uvanleg stort potensiale.

(3) Det er berre søkerarar som har Vg1 musikk, dans og drama som sitt førsteønske som kan framstille seg til ferdighetsprøve. Ferdighetsprøver blir berre arrangert når det er mange søkerarar.

§ 9. Inntak til Vg1 idrettsfag

(1) Inntil 50 % av plassane i utdanningsprogrammet kan tildelast på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterium), i tillegg til karakterpoeng.

(2) Skala for tilleggsSpoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkeskommunen. Søkaranar på regionalt nivå får 3 tilleggsSpoeng, søkerarar på landslagsnivå får 6 tilleggsSpoeng, og søkerarar på internasjonalt nivå får 9 tilleggsSpoeng.

(3) Søkaranar som ønsker tilleggsSpoeng må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjonen skal sendast skulen søkeren har som førsteønske.

§ 10. Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod

Søkaranar til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkaranar frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng.

§ 11. Inntak til statlege vidaregåande skular

Søkaranar frå Vestland kan søke statlege vidaregåande skular på linje med søkerarar frå andre fylke. Inntaket blir gjennomført på bakgrunn av karakterpoeng.

§ 12. Inntak til yrkesfaglege utdanningsløp som leier fram til yrkes- og studiekompetanse

Inntaket blir gjort på bakgrunn av intervju i bedrift og karakterpoeng. Søkaranar må ha avtale med skulen om læreplass i bedrift og ha tilboden som sitt førsteønske. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

§ 13. Permisjon frå vidaregåande opplæring

(1) Elevar som har tatt imot skuleplass, men må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret pga. t.d. langvarig sjukdom, svangerskap, militærteneste eller andre sosiale grunnar, kan søke om permisjon frå vidaregåande opplæring. Eleven vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Eleven må på vanleg måte søke om inntak for etterfølgande skuleår. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

(2) Denne føresegna gjeld for offentlege skular og gjeld ikkje for gjesteelevar.

§ 14. Inntak av norske utvekslingselevar

(1) Norske søkerarar med ungdomsrett som er utvekslingselevar ved ein skule i utlandet, skal takast inn på individuelt grunnlag.

(2) Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar.

§ 15. Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3

(1) Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova for å takast inn til eit fullstendig programområde (fulltidselevar), kan i særskilde tilfelle likevel takast inn til neste trinn til mindre enn eit fullstendig programområde (deltidselevar).

(2) Fylkeskommunen tar inn deltidselevar.

(3) Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar er tatt inn.

(4) Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett.

§ 16. Omval og å ta fag på nytt

(1) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 5-5 og har halvårvurdering i fellesfag, kan avtale med skulen at dei ikkje vil ta faget på Vg1 på nytt. For å kvalifisere til vitnemål, må dei ta faget på Vg2.

(2) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 5-5 og har standpunktcharakterar i fellesfag, kan søke om å få faget godkjent etter forskrift til opplæringslova § 5-11 dersom dei vil behalde standpunktcharakteren og ikkje ta faget på nytt.

(3) Elevar som har tatt omval etter opplæringslova § 5-5 og har standpunktcharakter i fellesfag, kan velje å ta faget på nytt, jf. forskrift til opplæringslova § 9-52 fjerde avsnitt. Tar eleven faget på nytt skal den siste beståtte karakteren førast på vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. forskrift til opplæringslova § 9-52 fjerde avsnitt. Dersom eleven ombestemmer seg i løpet av skuleåret, må eleven slutte i faget før 1. november for å behalde standpunktcharakteren.

§ 17. Søknadsfrist

(1) Søknadsfristen er 1. februar for søkerar som fell under forskrift til opplæringslova § 4-9 andre avsnitt, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære inntaket, jf. forskrift til opplæringslova § 4-9 første avsnitt.

(2) Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 4-9 tredje avsnitt. Det er fylkeskommunen som avgjer dette. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søkeren.

(3) Inntak i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane ovanfor. Det same gjeld for dei som tidlegare har fått «ikkje bestått» på fag- eller sveineprøva.

§ 18. Flytting

(1) For å bli vurdert for rett til inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune må søkerar i utgangspunktet vere folkeregistrert i fylket når søkeren blir send.

(2) Søkerar som ikkje er folkeregistrert i fylket når søkeren blir send, og som planlegg å flytte til Vestland fylkeskommune, kan bli vurdert for inntak om dei dokumenterer at den planlagde flyttinga er reell. Dokumentasjon om planlagd flytting må vere motteke av fylkeskommunen innan 23. juni og søkeren folkeregistrert ved skulestart. Fylkeskommunen kan gi utfyllande reglar om krav til dokumentasjon.

(4) Søkarar som omfattast av overeinskomst om nordisk utdanningsfellesskap treng ikkje vere folkeregistrert i Vestland fylke når søknaden blir send. Desse må likevel vere folkeregistrert ved skulestart.

§ 19. Frammøte første skuledag

(1) Elevar må møte på skulen første skuledag.

(2) Dersom ein elev blir borte frå skulen første skuledag utan gyldig grunn, mister eleven skuleplassen.

(3) Ved sjukdom eller andre tvingande grunnar pliktar eleven å gi beskjed til skulen snarast mogleg og seinast innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkommande ikkje kan møte. Fråværet må dokumenterast.

§ 20. Rektor sin rett til inntak av elevar

(1) Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar før det sentrale inntaksarbeidet er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.

(2) Etter at det sentrale inntaksarbeidet er avslutta blir ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følge ventelistene som er utarbeidd sentralt fram til utgangen av august. Frå 1. september blir inntaket rekna som avslutta.

(3) Når alle søkerar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass, kan rektor gi tilbod til søkerar etter følgande prioritering:

1. Søkerar med ungdomsrett som ikkje står på venteliste
2. Søkerar med vaksenrett som står på venteliste
3. Søkerar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
4. Søkerar utan rett som er busett i Vestland fylke kan takast inn etter alle søkerar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.

§ 21. Inntak av søkerar busette i andre fylke

Inntaket av søkerar med ungdomsrett busette i andre fylke følger forskrift til opplæringslova § 4-14 tredje avsnitt. Fylkeskommunen skal gi tilbod ved ledig kapasitet, jf. opplæringslova § 28-2 tredje avsnitt, etter at søkerar busette i Vestland fylkeskommune er prioritert.

§ 22. Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

(1) Vilkår for inntak til pre-IB er at søkeren har fullført norsk grunnskule eller tilsvarande. Sjå forskrift til opplæringslova § 4-1 for kva som kan reknast som tilsvarande og korleis det kan dokumenterast.

(2) Søkaren bør minst ha karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5. Søkaren bør òg ha tilstrekkeleg norskkompetanse til å kunne følge undervisninga.

§ 23. Rekkefølge ved inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)

Dersom det melder seg fleire søkerar enn det er plassar, fordelast plassane etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 4-19. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan

karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

Kapittel 3. Inntak til IB

§ 24. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 2IB

- (1) Vilkår for inntak til 2IB er at søkeren har bestått Vg1 studiespesialiserende med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserende, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarende. Søkeren må ha minimum 10 års skulegang og ikkje allereie ha fullført vidaregående opplæring.
- (2) For å kvalifisere til inntak bør søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk. Søkeren må i tillegg ha gjennomsnittskarakter på minst 4.
- (3) Søkeren kan bli bedd om å ta ein opptaksprøve eller stille til intervju om det er uklart at søkeren er kvalifisert.
- (4) Dersom det er fleire kvalifiserte søkerar enn plassar, konkurrerer søkerane etter karakterpoeng. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala blir rekna om etter ei lineær omrekning, der karakterane frå andre utdanningssystem blir vekta mot norsk karakterskala.

§ 25. Inntak til IB Diploma Programme (IB) – 3IB

- (1) Vilkår for inntak til 3IB er at søkeren har bestått 2IB med minimum 20 poeng.
- (2) Inntak av søkerar frå andre IB-tilbod («transfer students») blir vurdert individuelt. Karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.
- (3) Dersom det er fleire kvalifiserte søkerar enn plassar, konkurrerer søkerane etter poeng frå 2IB. Kvalifiserte søkerar som har fullført 2IB i Vestland fylkeskommune, kjem føre andre søkerar.

§ 26. Søknadsfrist, prosess og flytting

- (1) Søknadsfristen er 1. mars, og søkerar må i utgangspunktet då vere folkeregistrert i Vestland.
- (2) Søkerar som flyttar til Vestland etter 1. mars saman med føresette, kan òg søke. Skuleplassen vil ikkje vere sikra før søkeren har dokumentert at hen har flytta til fylket saman med føersette. Dette gjeld både søkerar busette i andre fylke og i andre land.
- (3) Søknad sendast gjennom VIGO. Søkerar som ikkje kan søke gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema frå skulen.
- (4) Fylkeskommunen kan gi utfyllande retningslinjer om inntaksprosess og vilkår for inntak.

Kapittel 4. Inntak til vidaregåande opplæring for vaksne

§ 27. Søknadsprosess og krav til søknaden

Det er ikke søknadsfrist for inntaket. Søkaren bør likevel registrere søknaden innan 1. mars for tilbod med oppstart i august, og innan 1. november for tilbod med oppstart i januar. Søkaren må føre opp tre sluttkompetansar og prioritere desse.

§ 28. Inntaksrekkefølge

Om det er knapt om plassar følger inntaksrekkefølga forskrift til opplæringslova § 14-4. Innanfor kvar kategori blir søkerar prioritert etter dato for når søknaden var klar til sluttbehandling.

§ 29. Permisjon

Deltakarar som må seie ifrå seg plassen i løpet av skuleåret, t.d. pga. langvarig sjukdom, svangerskap, militærteneste eller andre sosiale grunnar, kan söke om permisjon. Deltakaren vil kunne få reservert skuleplassen til året etter ved same skule og tilbod. Det blir tatt atterhald om endringar i tilbodsstrukturen.

Kapittel 5. Tilbod om spissa toppidrett

§ 30. Tilbod om spissa toppidrett i samarbeid med Olympiatoppen Vest (OLTV) – prosess

(1) Inntaket blir gjennomført på ordinær måte, ved at søkeren konkurrerer seg inn på utdanningsprogrammet ved ønskt skule. Søkaren må ha den aktuelle skulen som førsteønske. I søknaden om skuleplass må det kome fram at ein søker spissa toppidrett. Søkaren fyller òg ut eige søknadsskjema og sender til OLTV innan 1. mars.

(2) OLTV vurderer dei idrettsfaglege prestasjonane til søkerane i samsvar med fylkeskommunale retningslinjer. OLTV gir ei anbefaling om kvalifiserte søkerar.

(3) Fylkeskommunen avgjer kven som får tilbod om spissa toppidrett, forutsett at søkeren får skuleplass ved skulen.

§ 31. Omprioritering av søknad

Søkerar som ikkje får tilbod om spissa toppidrett får moglegheit til å omprioritere søknaden om skuleplass.

Kapittel 6. Formidling

§ 32. Søknad om formidling til lærepllass

(1) Fristen for å söke formidling til lærepllass er 1. februar for lærekandidatar og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 7-5.

(2) Søknader vil etter søknadsfristen bli behandla manuelt så langt råd er. Søknaden skal grunngivast. I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden, vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.

(3) Søknader frå søkerar utan rett blir ikkje behandla av fylkeskommunen etter søknadsfristen. Søkaren skal ha skriftleg melding om å kontakte aktuelle bedrifter direkte.

(4) Formidling i samarbeid med oppfølgingstenesta kan skje uavhengig av fristane ovanfor. Det same gjeld formidling av dei som tidlegare har fått «ikkje bestått» på fag- eller sveineprøva.

§ 33. *Formidling*

(1) Alle søkerar blir formidla til lærebedrifter når søknadsfristen har gått ut. Etter 1. august blir søkerar som ikkje har ungdomsrett og søkerar med ungdomsrett som ikkje er kvalifiserte, tatt ut av formidlingslistene.

(2) For å vere kvalifisert må søkerar oppfylle vilkåra i forskrift til opplæringslova § 7-3 andre, tredje eller fjerde avsnitt. Søkerar til lærepass som lærling har i tillegg normalt faglege føresetnader for inntak til neste trinn når fellesfaga og programfaga på Vg1 og Vg2 er bestått, eller søkeren har karakteren 1 i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 4-13.

§ 34. *Opplæringstilbod til dei som ikkje får lærepass*

(1) Søkerar som oppfyller vilkåra for å bli formidla til lærebedrift og som ikkje har fått lærepass vil få tilbod om eit anna opplæringstilbod med oppstart seinast 1. oktober. Tilboden blir gitt i eit fag på Vg3 som bygger på det programområdet på Vg2 som søkeren har gjennomført.

(2) Søkerar som har takka nei til tilbod om lærepass har ikkje rett til eit anna opplæringstilbod.

§ 35. *Avviksfag – fag med opplæringsløp der læretida berre inneholder verdiskaping*

Søkerar med opplæringsrett til lærepass i lærefag som berre inneholder verdiskaping, og som ikkje får tilbod om lærepass innan 1. september, skal få tilbod om å meldast opp til fagprøve av skulen. Dette gjeld lærefaga automatiseringsfaget, dataelektronikarfaget og anleggsmaskinmekanikarfaget.

Kapittel 7. Felles føresegner

§ 36. *Mindre endringar i forskrifta*

(1) Fylkesdirektøren har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.


(2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine vilkår for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

§ 37. *Delegering av ansvar*

Fylkesdirektøren har mynde til å delegera ansvar i denne forskrifta.

§ 38. *Ikraftsetjing*

Forskrifta tar til å gjelde 1. januar 2021. Samtidig blir forskrift 23. mai 2019 nr. 2152 om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til lærepass i Vestland fylkeskommune oppheva.



vestlandfylke.no